<b>Forankring Applikasjonslaget (hvordan kritisk liste med behov fra byggeprosjektene er forankret i prosjekt/program i Helse Vest)</b>	☹️	☹️	☹️⇒☹️	Byggstøtte har bidratt til å etablere kritisk liste over behov på applikasjonslaget fra byggeprosjektene – flere av disse behovene er forankret i aktiviteter i regional prosjektportefølje. Flere av disse har store utfordringer med å nå oppsatte planer. Fosterovervåkning melder nå at de ikke vil nå innflytting i Glassblokkene. Sterion regionalt melder om rød status.
<b>Kostnader</b>	☺️	☺️	☺️⇒☺️	Tendens er overforbruk. Men totalt sett er vi 8% under budsjett i programmet.
<b>Risikovurdering</b>	☹️	☹️	☹️⇒☹️	Se egen tabell under. Flere risikoer er koplet til forutsetninger for oppstart og gjennomføring av test, til dokumentasjon og konfigurasjon av pasientsignalanlegget i BUS2. For applikasjonslaget er tilgjengelighet av datagrnnlaget en kritisk faktor. Forsinkelse på datagrnnlaget kan ha konsekvenser for tidspunkt av ibrukttagelse av bygg.

## Økonomisk resultat ved utgangen av august

### Oversikt

Rapporten for august viser eit drifts- og månadsresultat over budsjett. Resultat hittil i år viser eit overskot på 9,1 mill og er 13,1 mill under budsjett. Dette skuldast i hovudsak rekneskapsført korleksjon av feil frå 2022 med 5 mill, samt høgare rentekostnadar enn budsjettert. Som ein følgje av dette er prognosen for 2023 endra til eit underskot på 9,7 mill.

Rekneskap per 31.08.2023	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett 2023	Prognose 2023
Basistilskudd	4 015	2 931	1 084	28 541	23 449	5 092	35 174	44 474
Andre inntekter	125 493	133 380	-7 887	1 110 511	1 066 640	43 871	1 596 137	1 646 137
Sum Driftsinntekter	129 508	136 311	-6 803	1 139 052	1 090 089	48 963	1 631 311	1 690 611
Varekostnader og Helsetjenester	-3 901	-2 539	-1 362	-30 252	-20 310	-9 942	-30 465	-35 465
Lønn- og personalkostnader	-40 265	-39 306	-959	-359 724	-335 659	-24 065	-525 622	-550 622
Øvrige kostnader	-41 757	-55 376	13 619	-461 841	-445 100	-16 741	-667 980	-687 980
Av- og Nedskrivning	-29 828	-29 606	-222	-234 066	-225 619	-8 447	-342 244	-350 244
Sum Driftskostnad	-115 751	-126 827	11 076	-1 085 883	-1 026 688	-59 195	-1 566 311	-1 624 311
Driftsresultat	13 757	9 484	4 273	53 169	63 401	-10 232	65 000	66 300
Sum Finans	-6 843	-5 333	-1 510	-44 068	-41 167	-2 901	-64 000	-76 000
Totalresultat	6 914	4 151	2 763	9 101	22 234	-13 133	1 000	-9 700

Basistilskot er 5,1 mill over budsjett, dette skuldast auka tilskot for å dekke løns- og prisvekst, samt tilskot for auka arbeidsgjevaravgift for 2023.

Salsinntekt tenester ligg over budsjett per august. Dette skuldast i hovudsak overforbruk på byggeprosjekt, leigeordning, auka lisenskostnadar til M365 og budsjettavvik på server/lagring som følgje av rekneskapsfeil i 2022.

Rekneskap per august	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Varesal	Portefølje	Byggeprosj og arb.oppr	Øvrig	Periodisering	Sum avvik
Helse Stavanger	285 427	276 770	-8 656	-5 574	5 280	366	-8 729	-1 951	-10 608
Helse Fonna	141 135	137 493	-3 642	31	2 839	224	-6 737	-855	-4 497
Helse Bergen	468 950	445 190	-23 759	-2 573	7 552	-13 371	-15 367	-2 774	-26 534
Helse Førde	109 404	110 114	710	-745	3 029	934	-2 509	-578	132
Sjukehusapoteka	21 000	19 784	-1 217	-73	391	-163	-1 372	0	-1 216
Helse Vest RHF	26 304	27 677	1 373	37	-3 557	4 827	66	450	1 823
<b>Sum kunder Helse Vest</b>	<b>1 052 220</b>	<b>1 014 530</b>	<b>-37 690</b>	<b>-8 897</b>	<b>15 535</b>	<b>-7 182</b>	<b>-37 146</b>	<b>-5 708</b>	<b>-40 900</b>

Personalkostnadar er 24 mill over budsjett, dette skuldast lågare tal på timar levert til investering med 38 mill. Avviket vert redusert av lågare kostnader til fast løn som følgje av færre tilsette enn budsjettert og avlyst fellessamling.

Det er levert i alt 153 000 timar til prosjekt frå Helse Vest IKT ved utgangen august, noko som er 3 000 fleire enn budsjettert (42 000 færre på investeringar, 45 000 fleire på ikkje-aktiverbare prosjekt).

Avskrivningar ligg 8,4 mill over budsjett, dette skuldast i hovudsak avskrivning på leigeprodukt.

Eksterne tenester ligg 8,5 mill under budsjett, dette må sjåast i samanheng med posten akiverte timar og lisenskostnadar, da fordeling av budsjett vert gjort sjablonmessig.

Lisenskostnader ligg 38,2 mill over budsjett. I dette ligg rekneskapsføring av feil frå 2022, auka lisenskostnader til M365 og budsjettavvik på server/lagring som følgje av rekneskapsfeil.

Netto finanskostnad ligg 2,9 mill over budsjett, og det er estimert ytterlegare auke i avvik med om lag 11 mill som følgje av høgt rentenivå.

#### *Kostnadsauke og tiltak for innsparing*

Det er i hovudsak korreksjon av rekneskapsfeil frå 2022 på 5 mill og auka rentekostnader på om lag 12 mill som gir utfordringar med å halde budsjettet for 2023.

Det er satt i verk innsparingstiltak som reduserer utfordringa, det er i hovudsak:

- Utsatt tilsetting av ressursar som ikkje er kritisk for leveranse til føretaka med om lag 2 mill
- Avlyst gjennomgang interne prosessar av konsulentar med 1,5 mill
- Avlyst fellessamling 2023, utgjer om lag 2 mill

I tillegg er arbeidet med utfasing av løysingar godt i gang, og det er i samarbeid med helseføretaka identifisert 130 løysingar som kan fasast ut i løpet av 2023/204. Dette vil ikkje endre resultatet for Helse Vest IKT, men vil gje reduserte kostnader for føretaka framover.

I sum er det ikkje nok tiltak til å dekke auke i rentekostnader, noko som gjer det krevjande å nå budsjettmålet på 1 mill i resultat. Som en følgje av dette viser prognosen eit estimert underskot på om lag 10 mill.

#### *Balanse*

Det er tatt opp langsiktig lån frå Helse Vest RHF på 200 mill for å dekke investeringar og løpande driftskostnader.


Balanse per 31.08.2023 (tal i 1 000)	2023	2022
Immatrielle eigendelar	1 347 417	1 402 986
Varige driftsmiddel	621 355	475 636
Finansielle anleggsmiddel	8 077	6 974
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 976 849</b>	<b>1 885 596</b>
Varer	41 260	40 317
Krav	475 249	342 418
Bankinnskott	76 499	187 948
<b>Sum omlaupsmidlar</b>	<b>593 008</b>	<b>570 683</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>2 569 857</b>	<b>2 456 279</b>
Aksjekapital	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	150 319	150 319
Annan eigenkapital	43 903	34 802
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>195 222</b>	<b>186 121</b>
Pensjonsforplikting	86 501	108 218
Langsiktig gjeld	1 803 773	1 804 928
Kortsiktig gjeld	484 361	357 011
<b>Sum gjeld</b>	<b>2 374 635</b>	<b>2 270 157</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>2 569 857</b>	<b>2 456 278</b>

## Personal

### Personalressursar

Tal Medarbeidarar

År ● 2021 ● 2022 ● 2023



År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
2023	717	723	723	726	734	739	735	741				
2022	673	672	675	678	681	686	682	683	693	714	716	715
2021	631	636	645	651	654	655	655	667	671	668	673	674
Snitt hittil i år	717	720	721	722	725	727	728	730				


### Sjuefråvær

Viser sjukefråvær i perioden frå september 2022 til august 2023. Gjennomsnitt siste 12 mnd er på 6,0 %.

	202301	202302	202303	202304	202305	202306	202307	202308	202209	202210	202211	202212	Snitt siste 12 mnd.
Sjukefråværsprosent	7,00	6,40	6,80	5,90	5,80	5,60	6,80	4,40	5,10	4,91	5,60	8,12	6,04

### Sjukefråværsprosent

År ● 2021 ● 2022 ● 2023



År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
2023	6,9	6,3	6,7	5,9	5,8	5,6	6,7	4,4				
2022	6,5	8,1	6,8	5,9	6,4	7,0	10,0	5,9	5,1	4,9	5,5	8,1
2021	3,9	4,0	3,7	3,6	3,4	4,3	6,4	5,0	5,0	5,6	5,9	6,1
Snitt hittil i år	6,9	6,6	6,7	6,5	6,3	6,2	6,2	6,0				

### Turnover

Reel turnover for organisasjon: Alle avdelinger, stillingsgruppe: Alle yrkesgrupper, alder: alle aldre, ansatttype: fast

	202301	202302	202303	202304	202305	202306	202307	202308	202209	202210	202211	202212	Snitt siste 12 mnd
Antall sluttet i perioden	4	6	3	2	3	6	7	5	3	4	2	4	49
Tal medarbeidarar	695	697	695	695	702	708	705	708	669	690	691	690	695
Turnover i prosent	0,58%	0,86%	0,43%	0,29%	0,43%	0,85%	0,99%	0,71%	0,45%	0,58%	0,29%	0,58%	7,05%

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:**

**DATO:**

**SAKSHANDSAMAR:**

**SAKA GJELD:** Operasjonalisering av ny styringsstruktur for digitalisering  
i Helse Vest

**ARKIVSAK:**

**STYRESAK:** 040/23 0

**STYREMØTE:** 29.09.2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek saka til orientering*

## Oppsummering

*Helse Vest IKT har satt ned ei arbeidsgruppe som jobbar strukturert i fleire koordinerte arbeidspakker med tilrettelegging av prosessar, roller og ansvar slik at det er eit godt utgangspunkt for den nye styringsstrukturen. Det er svært mange parallelle prosessar, og mykje er enno ikkje avklart. Gruppene har frist ut september for å komme med forslag til operasjonalisering i ny struktur.*

## Fakta

Helse Vest IKT skal i løpet av 2023 sikre at overgang til ny styringsstruktur for digitalisering lukkast utan vesentleg uro i leveransane og i organisasjonen. Overgangen inneber nye styringslinjer som samlar utvikling og forvaltning av løysingar, samt ei endring i å legge ansvar og myndigheit til lågast moglege nivå i tråd med smidige prinsipp.

Det er no nedsett ei arbeidsgruppe for ivaretaking av fire arbeidspakkar med konkrete utfordringane som må løysast før 01.01.2024.

1. Leveransemodell
2. Økonomimodell
3. Ressursallokering
4. Leverandørstyring

Arbeidsgruppa tilrår stegvis tilnærming i dei fire arbeidspakkane, for å ivareta innføring av ny styringsstruktur samtidig som ein tryggar leveransar og stabil drift. Forslag til løysning for dei fire arbeidspakkane skal leverast leiargruppa i Helse Vest IKT for avgjerd innan utgangen av september.

Helse Vest IKT har også sett ned eit team som skal arbeide med organisasjonsutvikling slik at organisasjonens evne til å handtere endring blir styrka. Dette er ei føresetnad for å lukkast, og eit steg på reisa mot eit smidig tankesett.

Helse Vest IKT har fått ansvaret for området «IKT Infrastruktur og delte tenester», og arbeidet med operasjonalisering av denne vert gjort av leiargruppa og seksjonsleiarar i aktuelle tenester.

Det går også føre seg eit arbeid med å allokera ressursar til dei ulike rollene i styringsstrukturen. Område Pasientbehandling er prioritert og målsetjing innanfor dette området er å få kunngjort delområdeleiarar og arkitektar innan utgangen av september.

## Kommentarar

Foreløpig er det ikkje konkludert på korleis handtering av fast og variabel forvaltning skal organiserast, men utkast til dette er lagt fram i forslag til ny leveransemodell/økonomimodell.



Digitaliseringsstyret har gitt Helse Vest IKT i oppdrag å etablere eit kompetansesenter, og her ynskjer Helse Vest IKT å gå bort frå eit tradisjonelt PMO (Project management office), til at metodikk vidareutviklast og forbeholdt av fagmiljøa sjølv.

Behovet for et kompetansesenter må dermed revurderast.

Digitaliseringssekretariatet har ansvar for å sikre nødvendige prosesser for å ivareta behov for styring og kontroll, bl.a. gjennom økonomirapportering, effekt/gevinstrapportering, felles rammeverk mv.

Det er vesentleg at dei prosessane som no utarbeidast er gjenstand for kontinuerleg forbetring, og at det er rom for læring og justering framover.

## **Konklusjon**

*Styret tek orienteringa til følge, og støtter opp om budskapet om at justering og endring vil vedvare for å få den nye styringsstrukturen til å fungere best mogeleg.*

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest IKT AS

**DATO:** 20.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Ole Jørgen Kirkeluten, Harald Løbersli og Leif Nordland  
**SAKA GJELD:** **Status budsjett 2024 for Helse Vest IKT AS**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** Styresak 042/23 0

**STYREMØTE:** 29.09.2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret gav innspel til prosessen, og tek saka til orientering.*

## Oppsummering

Helse Vest IKT vil utarbeide budsjett etter same tilnærming som for 2023, dvs. med oppbygging rundt dagens tenestekatalog og porteføljeprojekt. Konvertering til ny økonomimodell og ny områdestruktur med underliggende strukturar blir gjort etter at budsjett 2024 er vedteke i styremøtet i desember.

Helse Vest IKT vil avtale dialogmøte med helseføretaka og områdeeigarar om budsjett 2024. Alle helseføretaka nyttar ØLP med tillegg av løns- og prisvekst i budsjettprosessen fram til første utkast til driftsbudsjett ligg føre frå Helse Vest IKT, venta i andre halvdel av oktober.

Investeringar i porteføljen 2023 har per august ei prognose på 296 mill., noko som er 35 mill. under budsjett, og vil gje reduserte driftskostnadar i 2023 for avskrivning og årlege lisenskostnadar samanlikna med langtidsbudsjett. Ikkje-aktiverbare kostnadar i porteføljen 2023 har per august ei prognose på 117 mill., noko som er 9 mill. under budsjett.

Investeringar i leigeordninga har per august eit forbruk på 70 mill, og prognose på 90 mill., noko som er 30 mill. over budsjett, og vil gje auka driftskostnadar i 2023 for avskrivning. Investeringar i anna infrastruktur har per august eit forbruk på 50 mill, og prognose på 100 mill., noko som er 17 mill. under budsjett, dette skuldast mellom anna at serverar til Libra ikkje blir bytta i år.

SLA vil bli handsama i møte med helseføretaka i løpet av september og oktober, og godkjente forslag til endring blir tekne inn i budsjettforslag for 2024.

Helse Vest IKT er godt kjend med den økonomiske situasjonen i Helse Vest, og vil ha særskilt fokus på områder for mogleg innsparing og effektivisering.

## Fakta

### *Områdeinndeling i ny styringsstruktur*

Arbeidet med overgang til ny styringsstruktur med områdeinndeling er godt i gang, men ein har ikkje kome så langt at det kan nyttast i budsjettarbeidet. Budsjettet vil derfor bli utarbeida etter «gamal mal» med tenester og prosjekt, for deretter å bli konvertert til områda.

### *Microsoft 365*

Alle føretaka har teke i bruk Microsoft 365, og gått over til sky. Det har vore utfordringar med å finne nok lisensar, både som følgje av fleire tilsette enn tidlegare estimert, og som følgje av større behov for dei dyraste lisensane (E3 og E5). Dette har gitt høgare kostnader enn budsjettet i 2023, og vil sannsynlegvis gje høgare kostnadar i 2024 enn det er teke høgde for i ØLP. Avtalen med Microsoft skal reviderast frå 1. april 2024, så det vil vere ei viss uvisse i budsjettet.

### *Investeringar*

Investeringsbudsjettet består i hovudsak fire element; ramme frå HF-a på konkrete investeringar, ramme frå Porteføljestyret, ramme for leigeordning PC/skrivarar og ramme for infrastruktur.

Aktuelle investeringar frå HF/RHF:

- Trådløst nett, kabla nett, tele og signalanlegg
  - Det er dialog med helseføretaka om utbyggingstakt og investeringsnivå for 2024.
- Byggeprosjekt
  - Dialog med byggeprosjekt og HF om investeringar knytte til byggeprosjekt, førebels utkast til budsjett 2024 er handsama i styringsgruppa.
  - Eventuelt andre behov for investeringar frå helseføretaka vil bli tekne inn i budsjettet etter dialogmøte .
  - Oppgradering og tilleggslisensar for system som ikkje går gjennom portefølje.

Portefølje:

Totalramma for 2024 – 2028 vart handsama i ØLP, og investeringsramma vart for 2024 foreslått til 385 mill. kr før justering av løns- og prisvekst. Det er teke omsyn til ei viss dreining frå investering til ikkje-aktiverbare kostnader i åra framover, og ein ser no at stadig fleire løysingar berre er i sky – noko som forsterkar dreininga.

År	Investering	Ikke-aktiverbar
2023	393	126
2024	385	140
2025	371	154
2026	355	170
2027	338	187
2028	320	205

Infrastruktur:

Ramma for infrastruktur skal dekke alt leigeutstyr, reinvesteringar i fordelarar og nettverk, serverar og lagringsløyser, sikkerheitsløyser og tele/signal/video.

Totalramma for infrastruktur i 2024 – 2028 vart handsama i styret for Helse Vest IKT 27. april.

Investeringsramma i langtidsbudsjettet vart for 2024 foreslått til 224 mill. før justering av løns- og prisvekst. Det har vore ei utfordring med sterk prisvekst på infrastruktur det siste året, mykje på grunn av valutaendringar, men òg på grunn av sterk etterspurnad og leveranseproblem. I tillegg har det i løpet av året komme nye behov knytt til IKT-sikkerheit (ref. styresak 046/23).

Infrastruktur	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Server, lagring, nettverk, tele/signal	117 000	106 000	101 000	101 000	101 000	101 000
Leigeordning	60 000	90 000	90 000	90 000	90 000	90 000
Føretaksvisse investeringar	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500
Utstyr byggeprosjekt	11 586	17 561	-	-	-	-
Sum	199 086	224 061	201 500	201 500	201 500	201 500

### *Innsparing:*

Alle avdelingar/seksjonar/program skal i budsjettarbeidet identifisere og prioritere moglege kostnadsreduksjonar. Arbeidet med å fase ut små og mellomstore løysingar er godt i gang, i tett samarbeid med føretaka, og så langt er det identifisert om lag 130 løysingar som kan fasast ut. Det er eit mål om å standardisere ytterlegare, og at alle nye initiativ skal handsamast regionalt.

### *Byggeprosjekt:*

Det er god dialog med dei lokale byggeprosjekta om forventa leveransar i 2024/2025, og første utkast til budsjett er ferdig. Det har òg vore god intern dialog om leveranse av ressursar til dei ulike oppgåvene. Budsjettet viser ei vesentleg auke i leveransen frå 2023 til 2024, og vil gje føringar for bemanningsbudsjett.

#### Budsjett 2024 Ressurser pr. WBS/Lokasjon

WBS/Lokasjon	jan.24	feb.24	mar.24	apr.24	mai.24	jun.24	aug.24	sep.24	okt.24	nov.24	des.24	2024	Økning	
													2023	2024
BUS2 HBE A-10027-D10688	1,2	0,7	0,5									0,2	6,9	-6,7
Byggetrinn 2 Haugesund O-10348-D10460	0,6	0,6	0,6	0,6	0,6	0,55	0,95	1,05	1,35	1,35	1,35	0,9	0,6	0,2
Håkongsgaten 1 A-11038-D10688	0,5	0,5	0,5	0,7	0,7	0,7	1,1	1,1	1,3	1,6	1,4	0,9	0,0	0,9
*Meldingsvarsler (regionalt) A-10648-D11654	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	8,5	5,7	2,8
Mobil Plattform (regionalt) P-109501-D11654	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,75	5,8	6,9	-1,1
Nye Førde Sjukehus A-10009-D11188	2,35	2,35	2,45	2,65	3,25	3,3	4,2	4,5	2,7	1,9	1,6	2,8	1,7	1,2
Nye SUS A-10020-D10907	21,4	21,4	23,4	24,8	25	23	26,8	26,8	28,8	28,8	28,8	25,4	13,7	11,6
Parkhjørnet HBE A-10627-D10688	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,3					0,3	0,4	-0,1
Protosenteret HBE A-10628-D10688	0,5	0,5	0,5	0,7	0,7	0,7	1,1	1,1	1,3	1,6	1,4	0,9	0,4	0,5
Regionalt Byggeprosjekt O-10075-D11654	3,15	3,15	3,15	3,15	3,15	3,15	3,05	3,05	3,05	3,05	3,05	3,1	4,7	-1,6
<b>Totalsum</b>	<b>44,45</b>	<b>43,95</b>	<b>45,85</b>	<b>47,35</b>	<b>48,15</b>	<b>46,15</b>	<b>51,75</b>	<b>51,85</b>	<b>52,75</b>	<b>52,55</b>	<b>51,85</b>	<b>49</b>	<b>41,0</b>	<b>7,8</b>

### *Bemanning*

Siste prognose for levering av timar i 2023 viser lågare aktivitet enn budsjettet i porteføljeprojekta, men tilnærma budsjettet aktivitet i byggeprosjekta. I budsjett for 2023 var det planlagt ei bemanning på 770 årsverk ved utgangen av året, per august har vi 730, og prognosen viser ei bemanning på om lag 750 ved utgangen av året. Dette er under budsjett, og kan gje lågare leveringskapasitet enn ønska ved inngangen til 2024.

Sjukefråvær og turnover har vore høgare enn ønska i 2022 og 2023, dette har no ei positiv utvikling, men det gir framleis utfordringar i leveransekapasitet.

### *Auke i rentekostnadar*

Rentenivået har auka meir enn budsjettet i 2023, noko som vil gje ein høgare rentekostnad i 2024 enn anslag i ØLP. Dette vil gje ein auke i timepris og desktoppriis utover ordinær løns- og prisvekst.

### *Timepris*

Timepris for Helse Vest IKT vil bli justert med ordinær løn- og prisvekst, og i tillegg aukast for å dekke delar av auke i rentekostnadar. Timepris blir føreslått auka frå 900 til 1 000 per time.

### *Pensjonskostnad*

Siste NRS-estimat frå KLP viser ein pensjonskostnad på 86,9 mill. for 2024 (81,8 mill. for 2023), ei auke i forhold til budsjett 2023 på 5,1 mill.

## Konklusjon

*Helse Vest IKT er godt kjent med dei økonomiske utfordringane som helseføretaka står overfor med omsyn til reduserte økonomiske rammer og krav til økonomisk berekraft for å kunne handtere store investeringar innanfor sjukehusbygg i åra som kjem. Helse Vest IKT er oppteken av å vidareføre kosteffektiviteten innanfor IKT-området.*

*Prognose for bemanning per desember 2023 blir utgangspunkt for budsjett 2024, og det blir lagt vekt på å ta mest mogleg omsyn til ein forventa aktivitetsvekst innanfor ei stram økonomisk ramme for 2024.*

*Den største usikkerheita har vi innanfor (a) aktivitetsnivået i prosjektporteføljen og byggeprosjekt, (b) ny avtale med Microsoft i 2024, og (c) kostnadar som følgje av auka krav til IKT-sikkerheit.*

*Plan for og arbeid med kostnadskutt, innsparing, automatisering og robotisering blir prioritert.*

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest IKT AS

**DATO:** 20.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Leif Nordland  
**SAKA GJELD:** **Utkast til møteplan for styret i Helse Vest IKT for 2024**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 043/23 B

**STYREMØTE:** 29.09.2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek møteplan for 2024 med dei endringar som eventuelt kjem etter kalenderinvitasjon er sendt ut.

## Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka lagt fram forslag til møteplan for styret for 2024, avstemt med regional møtekalender for 2024. Administrasjonen legg opp til same tal styremøte som for innverande år, og til ei vidareføring av balansen mellom fysiske møter og videomøter.

## Fakta

Administrasjonen foreslår fylgjande møtedatoar for 6 styremøte og 1 styreseminar i møteplan for 2024:

Torsdag 14. mars 2024, kl 09:30 – 14:00, Styremøte, Stavanger

Torsdag 25. april 2024, kl 08:30 – 11:30, Styremøte, Teams

Torsdag 13. juni 2024, kl 08:30 – 11:30, Styremøte, Teams

Onsdag 18. september 2024, kl 12:00 – 16:00, Styreseminar, Bergen

Torsdag 19. september 2024, kl 08:30 – 14:00, Styremøte, Bergen

Torsdag 7. november 2024, kl 08:30 – 11:30, Styremøte, Teams

Onsdag 4. desember 2024, kl 20:00, styremiddag, Bergen

Torsdag 5. desember 2024, kl 08:30 – 14:00, Styremøte, Bergen

## Konklusjon

Administrasjonen sender ut møteinnkalling på foreslåtte møtetidspunkt, og avklarar eventuelle endringar på e-post.



## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest IKT AS

**DATO:** 20.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Ole Jørgen Kirkeluten, Guro Søyland Von Ubish, Terje Bremnes  
**SAKA GJELD:** **Revidert utviklingsplan for Helse Vest IKT**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** **044-23 0**

**STYREMØTE:** 29.09.2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tok saka til orientering og bad administrasjonen ta med innspel frå møtet i det vidare arbeidet.*

## Oppsummering

Arbeidet med revidering av utviklingsplanen var tema på styreseminaret i juni 2023. Innsiktsarbeidet er no avslutta og arbeidet med å utarbeide sjølve planen er i gong.

Hensikta med saka er å halde styret informert om arbeidet og invitere styret til å gje innspel til førebels utkast til mål i planen.

Revidert utviklingsplan vert lagt fram for vedtak i styret 8. desember 2023.

## Fakta


Utviklingsplanen skal vere på eit strategisk og overordna nivå og peike retning mot kva vi skal strekke oss etter. Vi ser for oss at den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge forutsetningane som ligg til grunn er gyldige.

Som supplement til utviklingsplanen vil vi kvart år lage ein tiltaksplan som skal vise kva aktivitetar vi skal prioritere komande år knytt til hovudmåla i utviklingsplanen. Ei slik inndeling gjer at vi kan halde fast ved ei langsiktig retning, men samstundes agere meir smidig innanfor desse rammene ut frå kva som til ei kvar tid er tenleg.

Utviklingsplanen skal vere relativt kort, ha god lesbarheit og vere lett tilgjengeleg.

## Kommentarar

Som orientert om i styreseminaret i juni er det gjort eit grundig og systematisk analysearbeid for å forstå kva som påverkar selskapet no og i åra framover. Figuren under syner dei ulike perspektiva vi har arbeidd med.



Analysearbeidet har gitt oss brei og god innsikt i kva vi må ta omsyn til når vi no arbeider med utforminga av sjølve utviklingsplanen.

Måla i planen skal skildre eit framtidsbilete av Helse Vest IKT som vi skal strekke oss mot. Vi har førebels identifisert fire overordna mål.

Vi har trygg, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysningar



Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon

Vi lukkast gjennom engasjerte, kompetente og trygge tilsette



Vi har ein moderne digital grunnmur

Måla er utdjupa i vedlegget til saka.

# Mål i revidert utviklingsplan

Vedlegg til styresak 044-23 29.09.2023

## Mål 1: Vi har trygg, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar

Trygg, stabil og effektiv drift av IKT-infrastruktur og -løysingar er heilt avgjerande for at over 37.000 medarbeidarar i sjukehusa i Helse Vest bidreg til å levere trygge og gode helsetenester til kring 1,1 millionar vestlendingar. Kvar dag, heile døgnet og heile året, sikrar vi at teknologi og informasjon er tilgjengelege og at helseopplysningar og andre sensitive data, er korrekte og beskytta mot ikkje- autorisert tilgang. Det gjeld òg for drift og forvaltning av medisinsk-teknisk utstyr, som samlar, brukar og deler store mengder data for diagnostikk og behandling.

Informasjonstryggleik og personvern ligg til grunn for alt vi gjer, enten det er drift av det eksisterande eller utvikling av det nye.

Pandemi, klimaendringar og politisk uro understrekar viktigheita av Helse Vest IKT si rolle knytt til beredskap. Vi arbeider saman med dei andre helseregionane og relevante nasjonale samarbeidspartnarar for å ivareta våre plikter på dette området.

Driftsmiljøa i Helse Vest IKT er langt framme på innovasjon og nytenking. Vi grip moglegheitene i skya der det bidreg til effektiv og robust drift. Automatisering sikrar kostnadseffektiv drift og rett bruk av personell, og vi brukar handlingsrommet i eksisterande leverandørkontrakter og teknologi.

## Mål 2: Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon

Helseføretaka står overfor store utfordringar. Samtidig som det er mangel på helsepersonell, vert pasientane fleire og eldre, og dei har meir samansette sjukdomsbilete og stadig større forventningar til helsetenesta. Teknologi er eit av verkemidla for å levere tenestene på nye måtar.

Helse Vest IKT er ein framoverlent samarbeidspartnar til den digitale transformasjonen i sjukehusa. Medarbeidarane våre jobbar skulder ved skulder med helsepersonell i sjukehusa, tett på den kliniske kvardagen.

Vi arbeider systematisk med å vere oppdatert på ny teknologi og har ei leiande rolle i føretaksgruppa med å identifisere trendar som kan skape verdi eller utgjere risiko. Vi brukar dette som grunnlag for å sjå moglegheiter og finne dei gode løysingane saman med medarbeidarane i sjukehusa.

I leveranseprosessane har vi fokus på både kva nytte og kva negative konsekvensar leveransane kan ha for sjukehusa. Vi støttar dei i å vere gode brukarar av våre tenester og i å hente ut nytteverdien av det vi leverer.

Vi har ei aktiv rolle i å dele dei gode løysingane med heile føretaksgruppa og dei andre helseregionane.

### Mål 3: Vi har ein moderne digital grunnmur

For å sikre stabil, trygg og effektiv drift og understøtte helseføretaka sine behov for å levere helsetenester på nye måtar, har vi ein moderne digital grunnmur. Den gjer det mogleg for sjukehusa å endre seg raskare og er ei verktøykasse for brukarnær utvikling av løysingar som er tilpassa brukarane og passar inn i vårt teknologilandskap.

Vi samarbeider med dei andre helseregionane og nasjonale aktørar om felles komponentar, løysingar og standardar. Vi bidreg til optimalisering og forenkling av applikasjonsporteføljen, og vi fasar fortløpande ut utdatert teknologi som gir høge kostnader, unødig høg ressursbruk eller ikkje-akseptabel risiko.

Skytenester er ein viktig del av den digitale grunnmuren. Skystrategien set tydeleg retning og rammer for bruk av sky i Helse Vest. Skytenester gir oss rask tilgang på ny teknologi. Det er til dømes enkelt og trygt å utvikle og ta i bruk løysingar med kunstig intelligens.

Enkel og rett tilgang på gode data er ein vesentleg del av grunnmuren. Helse Vest IKT har ei aktiv rolle i å legge til rette for enklare og tryggare deling og gjenbruk av data, inkludert frå medisinsk-teknisk utstyr og anna type utstyr og sensorar. Integrasjonsarkitekturen mogleggjer raskare utvikling, sikrar god IKT- og informasjonstryggleik og gir oss høg fleksibilitet.

## Mål 4: Vi lukkast gjennom engasjerte, kompetente og trygge tilsette

Helse Vest IKT er ei kompetansebedrift der leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre. Vi har ein unik samansetnad av teknologikompetanse og kjennskap til sjukehusa sine behov.

Helse Vest IKT er ein god arbeidsplass som legg til rette for fagleg og personleg utvikling og ein sunn balanse mellom arbeid og fritid. Vi har ein jobb med mening, og kulturen vår er prega av engasjement, samarbeid og læring på tvers av organisasjonen. Som leiarar og medarbeidarar i Helse Vest IKT veit vi kva som er forventa av oss, og vi får støtte til å lukkast i rollene våre. Godt leiarskap og medarbeidarskap er avgjerande for å lukkast med oppdraget vårt.

I ei verd med rask teknologiutvikling og ressursmangel er vi ein attraktiv arbeidsgjevar med fokus på å tiltrekke, utvikle og behalde tilsette. Vi har kontinuerleg fokus på kompetansebygging og skalerer og utviklar tenestene våre i takt med helseføretaka sine behov. Aktivt samarbeid med helseføretaka og dei andre helseregionane, eller med andre lokale og nasjonale samarbeidspartnarar, bidreg til god bruk av ressursane i sektoren.

Vi jobbar saman i tverrfaglege team for å nytte den samla kapasiteten og kompetansen vår. Organisasjonen legg til rette for at teama lukkast ved å gi dei ansvar og myndigheit til å drive forbetningsarbeid ut frå tydeleg definerte mål og prioriteringar. Helse Vest IKT er ein pådrivar for nye måtar å arbeide på i det regionale digitaliseringsarbeidet.